

Seterbrukaren

Skrift frå Norsk seterkultur

Nr 1 | april 2022 | 25. årgang



Neste bladet

kjem i juni 2022, med frist for stoff 1. juni. Send gjerne inn tips eller stoff til bladet.

Årsmøtet til neste år

skal vera på Oppdal i Trøndelag i dagane 17. - 19. mars 2023. Dette vedtok årsmøtet i Norsk seterkultur i Bø, som aller siste punkt på årsmøtet. Så då er det berre å setja av datoane i kalenderen.



Styret:

Siv Beate Eggen, leiar
Sørbygdvegen 543,
7760 Snåsa,
tlf 481 02 785
sivbeate@me.com

Knut Ola Storbråten,
nestleiar

Anno museum, Odalstunet,
Kongsvinger festning 2,
2213 Kongsvinger
tlf 46951351
knut.ola.storbraten@
annomuseum.no

Styremedlemmer

Inga Iversen Aasen
Vingelsåsen 51
2542 Vingelen
tlf 416 37 520
ingaiversenaasen@gmail.com

Kathrine Kinn
Natadalsvegen 57,
3841 Flatdal
tlf 452 29 771
Kathrinekinn@gmail.com

Kari Sofie Asmyhr Østen
Kongevegen 69
2770 Jaren
tlf 975 07 002
kari.sofie.asmyhr.osten@
tine.no
(repr. landbruksamvirket)

Varamedlemmer

Olav Huso
Liovegen 142
3560 Hemsedal
tlf 918 46 027
olav@liovegen.no

Ole Øvrejorde
Villandsvegen 38
3577 Hovet
tlf 413 06 746
ole@ovrejorde.no

Gro Haraldsdotter Arneng
Dalsvegen 639
2940 Heggenes
tlf 952 26 255
groarneng@hotmail.com

Utgevar:

Norsk seterkultur
Skrautvålvegen 77, 2900 Fagernes

Telefon 990 09 584
E-post seter@seterkultur.no
Heimeside www.seterkultur.no

Sekretariat: Katharina Sparstad
katharina.sparstad@valdres.no

Bankgiro: 2367 20 51169
Organisasjonsnr. 879270642
Redaktør: Øystein Skjæveland, tlf 416 07 381
heim@isrosa.no

Trykk: Unitrykk, Spjølka

Rekneskap/abonnement: Svein Løken, sv.loken@gmail.com

ISSN 1501-6803

Seterbrukaren kjem ut tre gongar i året.

Redaksjonen avslutta 29. april 2022.

Framsida: Kua Maggie kikar inn glaset på Gardsetra.
Bilete: Margaretha Krug Aase.

På sidene 2 til 9 kjem stoff frå fagsamlinga og årsmøtet til Norsk seterkultur i Bø i Telemark 26. og 27. mars 2022.

Tekst og bilete: Øystein Skjæveland

Seterprisen 2022

Når budeia let hyttenaboar få vera med og oppleve seterlivet, er det med på å gje seterkulturen eit godt omdøme. Og det gjorde også sitt til at det var Ingebjørg Håvardrud og Håvardrud Seterliv som fekk seterprisen for 2022.



Siv Beate Eggen delte ut seterpris og diplom til Ingebjørg Håvardrud.

Det var leiar Siv Beate Eggen i Norsk seterkultur som delte ut årets seterpris på årsmøtet i Bø i Telemark. Det var også ein telemarking som fekk prisen i år. Men Eggen fortalde litt om årets vinnar før ho avslørte før årsmøtet kven det var.

Det var faktisk hyttenaboar som hadde nominert vinnaren denne gongen, fortalde ho. Hyttefolket hadde sett stor pris på å få vera med og henta kyr, læra å mjølka og å få smaka på mjølka. På seterkafeen fekk dei også kjøpt seterkost, som seterrømme og nykinna smør. Siv Beate Eggen hadde også sett på nettsida til setra, der budeiene fortel om stell og føring av dyra, henting av kyr og mjølking. Dei tilbyr også kurs der du får laga ditt eige smør.

Alt dette er god formidling av seterkultur og gjev seterkulturen eit godt omdøme. I tillegg er budeia leiar av eit samarbeidande nettverk av fleire setrar i Telemark, som er

viktig for inspirasjon og motivasjon. Dette nettverket er «Budeieeven» i Telemark og Buskerud, og prisvinnaren Ingebjørg Håvardrud vart så kalla fram og ho fekk overlevert seterpris og diplom.

Det var «Norges Vel» som delte ut seterprisen i mange år, men Norsk seterkultur tok over prisen i 2017. Kriteria for å få prisen er tradisjonell seterdrift og mjølkeforedling på setra. I tillegg kan ein leggja vekt på ny næringsverksemd tufta på seterdrift, på forskning og publisering av vitenskapleg materiale og på formidling av stølskulturen.

Prisvinnarane dei siste åra har vore:
- Inner Gammelsetra Grøvudalen 2020.
- Undredal stølsysteri 2019.
- Budeienettverket i Hallingdal 2018.
- Hans Brimi 2017.
I 2021 vart det ikkje delt ut nokon seterpris.

Tre generasjoner på Gavlesjåstulen



Anne, Marianne og Anne Kine Anundskås heldt innlegg på fagsamlinga i Bø i Telemark..

Anne Anundskås tok over Gavlesjåstulen for 27 år sidan. Etter kvart har ho fått med seg både dotter og dotterdotter, slik at dei no er tre generasjonar på stølen kvar sommar.

Og alle desse tre generasjonane hadde teke turen til fagsamlinga i Bø i mars for å fortelja frå livet på Gavlesjåstulen.

-Eg tok over i 1995, og har vore der kvar einaste sommar sidan, fortalde Anne Anundskås, senior i familien. -Eg har aldri hatt ferie og er ikkje interessert i det heller. Å koka prim og laga smør, det er ferien, slo ho fast.

Kyr og budeier dreg til fjells 25. juni, og så opnar setra for publikum omlag 1. juli. Så er budeiene på setra til fyrste helga i september.

Det er både NRF og telemarkskyr med til støls, men NRF er ikkje like gode til å ta seg fram i terrenget

som telemarkskyrne, fortalde Anne Kine Anundskås, den yngste av trekløveret. -Dei er heller ikkje så flinke til å koma heim som telemarkskyrne, la ho til.

Buskapen mjølkar omlag 150 liter mjølk kvar dag, og all mjølka vert brukt på setra. Det er ikkje aktuelt med mjølkebil her, ettersom det er ein halvtimes gange til næraste bilveg.

Ikkje ferdigmat, nei

Attåt smør og prim lagar dei også knå-ost og rømme. Alt går ut på setra, det meste som rømmegraut. Det kjem mange setergjester gjennom sommaren, og grauten får bein å gå på.

-Eg kokar kvar porsjon til kvar gjest som kjem, seier Anne. -Det er servicen frå meg. Og for slik service

betaler gjestene 150 kroner for ein stor porsjon graut og 120 kroner for ein liten. Og det finst nok dei som kommenterer prisane, fortalde Anne.

Dei har elektrisk kinne og separator på garden, og mobilt mjølkeanlegg og aggregat. Elles vert alt gjort på gamlemåten, fortel dei tre budeiene.

På slutten av sommaren når det minkar med gjester går litt meir av mjølka til smør, så det har gjerne samla seg eit lite smør-lager før hausten kjem.

Tømmerveggar i ystebua

Då det skulle byggjast ystebu i si tid, ville ikkje Anne ha fliser på veggane. Ho ville ha tømmerveggar i staden, og då fekk ho hjelp av Pascale Baudonell i Norsk Gardsost for å få det slik ho ville, fortalde Anne.

Gavlesjåstulen ligg på Lifjell, som er fjellområdet mellom Bø, Seljord, Hjartdal og Heddal i Telemark. Vegen til Gavlesjåstulen kjem opp frå Heddals-sida.

Lenge var det berre på Gavlesjåstulen det var seterdrift på Lifjell, fram til Geir Nordbotten og Karolina Westling også byrja å setra i området for nokre år sidan.



Frå Gavlesjåstulen sommaren 2021 (bilete: privat).

Løner setra seg?



Svaret på spørsmålet kjem an på både det eine og det andre, fortalde Sondre Aasan i innlegget sitt.

-Setra er både tradisjon og kultur – men er det pengar i det? Sondre Aasan svara eit utvitydig «tja» på dette sentrale spørsmålet.

Kortversjonen er at tilskota trengst, og vil du i tillegg driva med foredling og turisme kan setra gje ei grei inntekt.

Sondre Aasan er fylkesleiar i Telemark bonde- og småbrukarlag, attåt at han driv gard i Seljord og støy på

fjellet (sjå artikkel i Seterbrukaren for desember 2020). Laurdag 26. mars heldt han innlegg på Norsk seterkultur si fagsamling i Bø, og tok for seg økonomien i seterdrifta.

Han tok i innlegget sitt for seg kva seterdrifta var tradisjonelt, og kva det er i dag. I gamal tid var kjernen i seterdrifta å foredla sommarmjølka til mat som kunne halda seg gjennom vinteren, men i dag er det slik at dei fleste leverer setermjølka til tankbilen. Det er omlag 15 prosent

av seterbrukarane som driv foredling for sal, og det er 13 prosent som driv med turisme. Dette går fram av Agri Analyse sin seter-rapport frå 2020. Berre omlag fem prosent av seterbrukarane vurderer å byrja med foredling, men for 60 prosent av seterbrukarane er dette ikkje aktuelt. For heile 83 prosent av seterbrukarane er det avgjerande for seterdrifta at Tine hentar mjølk på setra, og utan ekstra kostnad for bonden.

Ulike setertilskot

Aasan la fram eit oversyn over setertilskotet i dei ulike fylka. Den nasjonale minstesatsen er 50 000 kroner, så har Vestland og Viken auka til høvesvis 80 000 og 95 000. Trøndelag og Møre og Romsdal har på si side eit eige tillegg for foredling på setra. I tillegg kjem utmarksbeitetilskotet, som Aasan fortalde hadde dubla seg under den førre regjeringa.

Ta høg nok pris

Når det gjeld foredla produkt frå setra, var Sondre Aasan tydeleg på at ein må setja prisen høgt nok. Prisen må kunna spegla at seterproduksjonen

Tilskot

Fylke	Statstilskot RMP 2021
Viken	95 000 kr
Vestland	80 000 kr
Trøndelag	80 000 kr med foredling, 70 000 kr utan
Møre og Romsdal	70 000 kr med foredling, 50 000 kr utan
Vestfold og Telemark	60 000 kr
Innlandet	56 000 kr
Rogland	50 000 kr

Tabell 7.8 Utmarksbeitetilskudd for beitesesongen 2021. Foreløpige satser, kroner per dyr

Dyreslag	Søknadsfrist	Intervall	Sats i kr/dyr/år
Storfe og hest	15. oktober 2021 ¹⁾	Alle dyr	822
Gelt og kje			235
Sau og lam ²⁾			235

Sondre Aasan la fram eit oversyn over seter-tilskot i dei ulike fylka i innleiinga si.

er noko utanom det vanlege, og kor mykje arbeid som er lagt ned i dei. Ein må også hugsa kostnader som emballasje, energi, strenge krav til produksjonslokale og så vidare.

Ein særleg kostnad på setra er at ein treng dobbelt opp av mange ting. Ein må ha mjølkeanlegg både heime og på setra, og det same gjeld lokale til foredling. Det er viktig å halda kostnadene nede så langt ein kan, til dømes bruka same utmjølkarane heime og på setra, og spara ekstra spenegummi.

Yting på setra

Sommarbeite på setra har godt ord på seg, men samanlikna med gode kulturbeite heime og mykje kraftfôr må ein rekna med at mjølkeproduksjonen minkar. -Det er også ein grunn til at setringa har gått ned, sa Aasan.

Han synte eit tenkt døme der ein rekna 30 prosent nedgang i mjølkeytinga, som då tilsvarte 200 liter mjølk i døgeret. Reknestykket synte då eit tap på 100 000 kroner på å flytta til støyls. Så kjem seter- og utmarksbeitetilskotet inn på pluss-sida, men for dei fleste går reknestykket i beste fall i null, sa Aasan. Han nemnde også ei konkret sak frå det verkelege livet der ein bonde gjekk eit par hundre tusen i pluss på å *ikkje* flytta dyra på setra. -Eg har ikkje treft nokon enno som seier at det er god butikk i å flytta til stauls, la han til.



Ein kan tena monaleg meir på å foredla mjølka sjølv, men det har også sine kostnader, forklarte Sondre Aasan.

Foredling og turisme

Men så var det inntektene, då. Dei 15 prosent seterbrukarar som foredlar mjølka på setra kan ta ut ein meirverdi frå dette. Og det er også fyrst og fremst desse brukarane som driv turisme på setra.

Her kan det vera mykje inntekt å henta, om ein vil gå inn i rolla som vertskap og trivst med å ta mot folk på setra. -Det er ikkje lett-tente pengar, men det kan gjera at totalen vert grei, sa Aasan. Setra er ein fantastisk stad for turisme, der ein kan leggja opp til både servering, overnatting, kurs og seter-opplevingar, sa han.

Sondre Aasan og familien driv sjølv både gard og seter, med både

foredling og turisme. Omlag 2000 – 3000 gjester er innom staulen på Kråkerøe lengst nord i Seljord kvar sommar.

Landbrukspolitik

Men framtida til setringa i Noreg heng uansett mykje på landbrukspolitikken, og Aasan hadde ei rekkje framlegg til endringar. Når det gjeld seter-tilskotet bør det flyttast frå regionalt miljøprogram og over til jordbruksavtalen, meinte han. Vidare burde ein auka minstesatsen, og innføra eit ekstra tilskot for foredling. Det burde også vore eit eige tillegg for beitemjølka, også for dei som ikkje foredlar sjølv. Vidare burde tilskotet til utmarksbeite aukast, og tilskotet til fellesbeite burde ikkje vore fordelt tynt utover fleire brukarar, men aukast.

Han samanlikna med Sveits, der heile 4,3 prosent av jordbruksstøtta går til stølsdrift. Overført til Noreg ville dette tilsvare 700 millionar, omlag ein million kroner på kvar stølsbrukar. -Det flotte stølslandskapet i Sveits kjem ikkje berre av idealisme, men stølstilskot også, sa Sonde Aasan. For at mjølkeproduksjonen skal ha legitimitet på sikt er det viktig å få ein jordbrukspolitikk som gjev meir beiting, ikkje mindre. -Eg er sikker på at stølsdrifta har ei framtid, men då må det vera lønsemd i botn, slutta han med.

- 15% driv foredling for salg
- 13% driv turisme
- Kun 5% seier dei vurderer å starte med foredling i eit fem-års perspektiv
- 60% seier at foredling ikkje er aktuelt
- 83% seier det er avgjerande at mjølka fortsatt blir henta av TINE utan ekstra kostnad
- **Dei fleste setrar leverer altså mjølka**

Sondre Aasan tok fram nokre tal frå Agri Analyse sin seterrapport frå 2020.

Unesco-arbeidet går vidare i 2022

Fagsamling i Sverige og ny seter-nettside er blant det som skjer i samband med Unesco-søknaden i år.

Arbeidet for å få seterkulturen inn på Unesco si liste over immateriell kulturarv har vore sentralt for Norsk seterkultur dei siste åra. På fagsamlinga i Bø i mars møtte Hege Hovd og informerte om siste nytt i saka.

Ho gjekk gjennom bakgrunnen for arbeidet, og kva som har skjedd så langt. Hovudmålet med heile prosjektet er å ta vare på seterkulturen og sikra at kunnskapen kan førast vidare frå generasjon til generasjon. I 2021 kom det inn mykje pengar til saka frå ymse instansar, slik at arbeidet kan gå vidare etter planen. Det er Rådhuset Vingelen som står for den daglege framdrifta, med Hege Hovd som prosjektleiar. I fjor drog prosjektet mellom anna i gang ei spørjegransking mellom alle norske seterbrukarar, der omlag halvparten av 900 spurde har svart. Dét er svært høg oppslutning, sa Hovd i innlegget sitt, og svara frå seterbrukarane gjer at prosjektet

Arbeid i 2022

Skrive artikler om seterkulturen

Analyser av innsamlet datamateriale


Sett på praktiske måter for deling og innsamling av informasjon

Planlegge ny spørreundersøkelse/intervjurerunde

Nettverksarbeid, møter med bl.a. ressursgruppa, Kulturrådet og ISOF

Utredde muligheter for flere samarbeidsland

Lage nettside som skal formidle seterkultur (<https://tilseters.no>)



Frå prosjektleiar Hege Hovd sin presentasjon på fagsamlinga.

har eit betre grunnlag for å skriva Unesco-søknaden.

Arbeid i 2022

Informasjon og kunnskapsdeling er viktig i samband med Unesco-søknaden, og no i 2022 skal prosjektet mellom anna halda fram med å publisera artiklar om seterkulturen. Det er også lagt opp til ei ny spørjegransking eller intervjurerunde for å få meir kunnskap. Det er vidare planar om å laga formidlings-opplegg for dei som tek mot gjester på setra, og

kursmateriell for born og unge. Det er oppretta samarbeid med Norsk leirskoleforening med tanke på dette. Eit spørsmål er også om det bør vera fleire land med på søknaden, i tillegg til Noreg og Sverige. Men der har dei svenske samarbeidspartane så langt sagt at dei ikkje vil gjera noko som kan forseinka framdrifta, vart det opplyst på fagsamlinga i Bø. Elles er det lagt opp til ei svensk-norsk fagsamling i Sverige i siste halvdel av 2022, som ein del av oppfylgginga av løyvinga frå Erasmus+-prosjektet (Sjå Seterbrukaren for desember 2021).

Båtfolket fekk det til

Når seter-miljøet arbeider for å få seterkulturen på Unesco si liste over immateriell kulturarv, finst det stader å henta inspirasjon. Eit nordisk samarbeid fekk i 2021 godkjent klinkbåt-tradisjonen som ein del av Unesco-lista.

Difor hadde prosjektleiar Tore Friis-Olsen frå Forbundet Kysten innlegg på Norsk seterkultur si fagsamling, der han fortalde korleis kyst- og båtmiljøet hadde arbeidd for saka si. Kort fortalt så er *klinkbåtar* den vanlegaste båttypen i nordiske land, kjenneteikna ved at borda i båten

ligg utanpå kvarandre og er festa med metall-saum eller i gamal tid sydde med røter.

Ideen om få denne båttradisjonen listeført kom opp på ein båtfestival i Frankrike i 2008, men det formelle arbeidet starta i 2015. Hovudarbeidet var å forankra søknaden og kontakta alle miljø som var relevante. Det vil seia båtbyggjarar, handverkarar, museum, kystlag, utdanningar, alt dette over heile Norden. Og det var også denne delen av arbeidet som var det mest gjevande, fortalde Friis-Olsen.

Arbeidet for å få listeført tradisjonen med klinkbygde båtar tok seks år frå den formelle starten av arbeidet.

Det var inga oppgått løype for arbeid med Unesco-listeføring, i alle fall ikkje når det var fleire nasjonar med. Og her var det med fem nordiske land i tillegg til Færøyane og Åland. Det er formelt statane som nominerer tradisjonar til Unesco, og også for Kulturrådet var det uvisse om korleis ein skulle handtera ei slik sak. Mot slutten av søknadsprosessen kom også Kulturdepartementet sterkare inn i biletet, fortalde Friis-Olsen, som var til stades gjennom ein skjerm. No i ettertid kan det vera at delar av arbeidet kan gå lettare, ettersom styringsverket no er betre kjend med korleis ein går fram.

Folketrua lever enno

-Varslar du huldra før du slår ut vatn på bakken?

Det er framleis spor etter folketrua på setra. Blant dei frammøtte på fagsamlinga var det ikkje heilt ukjent korkje å varsla dei underjordiske når ein slår ut vatn, og eller å banka på døra når ein kjem til støls om sommaren.

Når ein skal søkja seg inn på Unesco si kulturarv-liste er det ulike typar kultur-uttrykk ein kan melda inn, og desse er ordna i fem såkalla domene. På fagsamlinga gjekk Katharina Sparstad frå Norsk seterkultur gjennom desse fem domena, og fekk innspel frå salen kva for delar av seterkulturen som kunne passa inn under kvart punkt.

Etter kvart må ein velja kva domene som er mest aktuelt å leggja til grunn for Unesco-søknaden, men ein kan likevel ha element frå ulike domene.

1

Det fyrste domenet gjeld munnlege tradisjonar og uttrykk, som til dømes eventyr, segner, historiar og overtru. Sondre Aasan frå Seljord nemnde her boka «Norsk sætertradisjon» av Svale Solheim frå 1952. Denne boka fortel

mellom anna om tradisjonar knytte til trollfolk og underjordiske.

Katharina Sparstad fekk stadfestingar frå salen då ho spurde om det er nokon som varslar huldra før dei slår ut vatn. Det var heller ikkje heilt ukjent å banka på seterdøra når ein kjem opp om sommaren, og så trø til sides for å sleppa ut haugafolket, som bur der om vinteren.

Elles kunne ho sjølv fortelja at på setra hennar har dei hatt ein kniv ståande i veggen fram til i fjor. Jarn eller stål – til dømes i ein kniv – har vore eit tradisjonelt vern mot haugafolket.

2

Domene nr to er utøvande kunst, og her var det særleg kauking (kalling) på kyrne som vart nemnt som kunst knytta til setra. Nokre budeier kan brodera ut lokkinga musikalsk - «så nokre får ei stor kunstopleving, og andre vil ringja etter sjuke bilen», sa Karolina Westling, som driv støl i Bø om sommaren.

Andre nemnde at seterlivet vart eit populært motiv i biletkunsten frå 1800-talet, og det var fleire døme på at musikarar kjem til seters og tek musikken med seg. Gjerne i byte mot seterkost.

3

Det tredje dømet er sosial praksis, rituale og høgtidsfestar. Her vart det nemnt frå salen at setra kan vera ein formidlingsarena for ein annan kultur enn bykulturen, som kjem til fjells saman med hytte-utbyggjinga.

4

Når det gjeld domene nummer fire, tradisjonelt handverk, vart det trekt fram arbeidet knytta til seterhusa, til ymse utstyr og gjerde.

5

Det siste domenet i Unesco-systemet har det vidtfemnande namnet «kunnskap og praksis som gjeld naturen og universet». Mykje av den tradisjonelle seterkulturen kjem nok inn her – mjølkeproduksjon og foredling, matkultur, kommunikasjon med dyr, ressursutnytting, lokalkunnskap om naturen, værteikn med meir.

Som eit døme på det siste nemnde Katharina Sparstad uttrykket «søstovind» frå Valdres. Når vinden bles i ein viss retning, ville det trekkja dårleg når ein skulle fyra og laga ost, og omvendt, og det kjende budeiene godt til.

Selet står, fjøset ramlar

Det er velkjent at talet på gardar med mjølkeproduksjon har gått kraftig ned dei siste tiåra. Samstundes har talet på setrar i drift også gått kraftig ned, sjølv om prosentdelen av gardsbruk som driv med seter faktisk har auka noko.

Oskar Puschmann og Kari Stensgaard, båe frå Nibio, hadde eit felles innlegg under fagsamlinga, under overskrifta «Seterlandskapet før og no». Dei gjekk gjennom fleire ulike undersøkjingar som tek for seg tilstanden til setra og omfanget av seterbruk og husdyrbruk før og no. I tillegg til å seia kva som er nedlagt, kunne Puschmann og Stensgaard fortelja kva som står att av dei nedlagde setrane. Den største gruppa av gamle seter-hus er *selå*, som no ofte er brukte som hytte. Det som

Oskar Puschmann med ein plansje frå setergrenda Tesse i Lom.



hadde med husdyr og foredling å gjera er i større grad vekke. Såleis er det langt færre fjøs og løer som står att på nedlagde støl, det same gjeld kjølehus og andre anlegg utanom sjølv husa. I tråd med dette er det no fritids-bruk som er den vanlegaste bruksforma for 1700 utvalde setrar

som vart kartlagde i åra 2009 - 2015. Mange stader gror seterlandskapet att, sjølv om 29 prosent av setrane i denne undersøkjinga framleis er i bruk til slått eller beite. Berre fire prosent av desse kartlagde setrane er framleis i bruk til mjølkeproduksjon.

Årsmøte Norsk seterkultur 2022

Attåt vanlege årsmøtesaker som årsmelding, rekneskap og val var det også rom for den store diskusjonen om kva som er ei sæter og for spørsmålet om fleire land skal vera med på Unesco-søknaden.

Siste dag av samlinga i Bø var sett av til sjølve årsmøtet. Det låg føre ei fylldig årsmelding på 28 sider, som tok føre seg smått og stort som Norsk seterkultur har gjort i året som gjekk. Naturleg nok har pandemien påverka arbeidet til organisasjonen, og til dømes har mange møte, også årsmøtet 2021, vore på skjerm.

Fleire land i Unesco-søknad?

Sak 7 på møtet tok føre seg det vidare arbeidet med Unesco-søknad. Det har vore vurdert å trekkja med fleire land i søknaden, og Sveits, Austerrike, Romania og Montenegro har vore vurderte. Dei svenske samarbeidspartnarane har derimot sagt at dei ikkje vil forseinka arbeidet med å få sendt søknaden.

Norsk seterkultur har fått ein større pengesum frå Sparebank-stiftinga, som skal brukast til å få fleire barn og unge "til seters". Dette heng også saman med Unesco-søknaden. Norsk seterkultur har byrja å samarbeida med Norsk Leirskoleforbund for at dei som ynskjer det skal kunna tilby seteropplevingar. Vidare skal det lagast enkle kurs med tips for setrar som vil ta mot gjester.

Det var i den samanheng spørsmål frå salen om også einskild-setrar kunne søkja Norsk seterkultur om midlar til å få laga undervisningsopplegg, noko dagleg leiar Katharina Sparstad kunne stadfesta at dei sannsynlegvis kan. Som eit døme på opplæringsmaterieill vart det vist til at Inner Gammelsetra Grøvdalen på Nordmøte for fleire år sidan har laga eit eige studiehefte.

Mjølkk eller ikkje mjølkk?

Sak 8 tok opp att den saka som vart drøfta på fagsamlinga på Røros i



Det nye styret i Norsk seterkultur: Kari Sofie Asmyhr Østen, Knut Ola Storbråten, Kathrine Kinn, Siv Beate Eggen (leiar) og Inga Iversen Aasen.

november 2021, nemleg korleis ein eigentleg skal definera ei seter. I sakspapira frå styret låg det ei skisse til definisjon, med utgangspunkt i drøftinga på Røros:

- ei seter er det fysiske knytt til seterdrift med bygningar og setervoll.
- seterdrift er flytting av buskap med mjølkeproduksjon til utmarksområde med i alle fall bygningar til folk knytt til drifta.

- seterkultur er tradisjonar, aktivitetar, kunnskap, historier og ting som er knytte til seterdrift, men treng ikkje vera lokalisert til setra. Seterkulturen er eigd av alle som har eit tilhøve til han.

Av dette var det serleg punktet om mjølkeproduksjon som førte til diskusjon. Eit framlegg frå salen var at det kunne stå «... helst med mjølkeproduksjon.» Det var ulike innspel om kva ein seterdefinisjon med eller utan krav til mjølkeproduksjon kunne føra til dersom det offentlege tok i bruk denne definisjonen. Ein ville få sju gongar fleire søknader dersom det ikkje var krav til mjølkk, og dermed mindre tilskot til dei som driv med mjølkk, var eitt av innspela. Styret fekk fullmakt til å sy saman ein definisjon ut frå ordsiftet på årsmøtet.

Sak 9 var årsplanen for 2022, som var fylldig og detaljert. Arbeidet med Unesco-søknad har framleis ein viktig plass. Så skal styre, sekretariat og kommunikasjonsarbeid haldast ved

like – men eit framlegg om å koma inn på det sosiale mediet Tiktok vart stroke frå lista. Politisk arbeid i samband med jordbruksoppgjjer og samarbeid med fagлага vert viktig, sameleis vidare arbeid for merkeordninga for setersmør.

Ny styremedlem

Det vart ikkje store endringar i styret, men Ove Sørestrand frå Lavik i Sogn gjekk ut. Ny styremedlem vart Kathrine Kinn, som bur i Flatdal i Telemark. Ho er inne i tredje året som mjølkeprodusent og andre året som seterbrukar. Ho har elles mastergrad i sosiologi og ei spalte i avisa Klassekampen om landbruk. Ho har også vore nestleiar i Småbrukarlaget. Det nye styret ser då slik ut etter årsmøtet:

- Siv Beate Eggen, leiar
- Knut Ola Storbråten (var ikkje på val)
- Inga Iversen Aasen (var ikkje på val)
- Kari Sofie Asmyhr Østen (skal veljast av landbruksamvirket)
- Kathrine Kinn (ny)

Vara:

- Olav Hauso, Hemsedal (ny)
 - Ole Øvrejorde, Hovet
 - Gro Arneng, Heggnes
- Alle vala var med fagnad (akklamasjon).

Årsmøtet vedtok å auka godtgjersla for styreleiar frå 25 000 til 40 000 kr, og innføra ei godtgjersle for nestleiar på 20 000 kr, fram til arbeidet med Unesco-søknaden er unnagjort, p.g.a. mykje arbeid med denne.

-Umoralsk å ta maten frå folk

-Eg vel å vera optimist på vegne av mjølkeproduksjonen. Me har ei regjering som har sagt at ho vil tetta inntektsgapet og auka sjølvforsyninga til 50 prosent. Leverer ho ikkje, er det nesten kroken på døra for store delar av norsk landbruk.

Aslak Snarteland, leiar i Telemark bondelag, hadde ei alvorleg melding til fagsamlinga til Norsk seterkultur i Bø i mars. I innlegget sitt snakka han om kva som hadde skjedd i landbruket i Telemark dei siste åra, og det var ikkje berre lysteleg. Då han bygde fjøs i Fyresdal i 2010 var det 135 mjølkekvotar for ku i Telemark, i dag er det nede på 75, sjølv om mjølkevolumet er halde oppe. Me har sett ei lausriving frå ressursgrunnlaget, mot eit dekk- og diesel-landbruk, sa Snarteland. Dét er ingen farande veg, i alle fall ikkje for oss i distrikta, sa han. I hans eigen heimkommune var det rett nok gått motsett veg, med



Aslak Snarteland.

Det er for dei spesielt interesserte å driva med mjølk, meinte Snarteland. Men for desse spesielt interesserte er det viktigare enn nokon gong å leggja til rette, og han hadde fleire framlegg til tiltak. Ein må få ein trappetrinnsmodell der dei med få dyr og liten kvote kan få høgare prosentdel tilskot, kanhenda opp i 50-60 prosent, sa han. Og han minna også om at kommunar med konsesjonskraftinntekter også kan bruka desse til landbrukstilskot. Vidare har bondelaget bede om ei ekstra investeringspakke for dei som

ein auke frå to mjølkeprodusentar for fem år sidan til fem produsentar i dag. Ein av desse satsar på lokal foredling og støylsdrift.

må byggja om frå bås til lausdrift.

Program for geitemjøl

Han tok elles opp stoda for geitebøndene i fylket, der det no er berre 13 som leverer til Tine-meieriet i Haukelid. -Eg ville gjerne hatt eit verdiskapingsprogram for geitemjølka, sa Snarteland, Det som geita stend for tykkjer eg er meir enn verdifullt. Eg trur nesten alle geitehaldarane er på støylen, sa han, og meinte det er utruleg viktig å nytta ressursane som er på støylen. Snarteland minna om både klimaendringar og krigen i Ukraina, og meinte det må vera viktig for oss å kunna produsera vår eigen mat: -Det er umoralsk å ta maten ut av kjeften på andre.

Trass i alt valde fylkesleiaren i bondelaget å vera optimist, og han hadde tru på at den grasbaserte delen av landbruket ville få ein renessanse.

Ville ikkje utvida produksjonen

Korleis skal ein gå vidare etter topp-plassering i internasjonale tevlingar? Stordalen gardsbruk valde å ikkje auka produksjonen eller gå til dei store kjedene med medalje-osten sin.

I 2018 vann den mørke brunosten frå Tinn i Telemark andreprassen i den internasjonale oste-tevlinga «World Cheese Awards», som det året var i Bergen. Det var mange oppkjøparar i salen den gongen, og desse kan vera ganske harde negler å snakka med, fortalde Barbro Stordalen. Ho hadde innlegg på fagsamlinga til Norsk seterkultur i Bø i Telemark i mars, der ho fortalde om gardsdrift og brunost, under overskrifta «verdas beste brunost».

Det mangla ikkje på tilbod om leveransar og hylleplass i butikk-kjedene etter medaljen frå Bergen. -Alle ville ha ein bit av oss, fortalde Barbro. Men Stordalen gardsbruk rekna på det, og fann ut at dei ikkje ville utvida drifta og auka



Barbro Stordalen.

kjensle av at mange let seg pressa inn i noko dei ikkje vil.

Dei fekk også spørsmål om andre kunne få produsera brunosten på lisens, men dei meinte at han høyrer heime i Tinn.

Det var eit lærerikt møte med dei store kjedene, fortalde Barbro Stordalen.

I staden valde geitebøndene i Stordalen ein motsett måte å møta populariteten på: Dei sette opp prisen. Over ei viss tid auka dei gradvis frå 450 til 630 kroner kiloen. Brunosten høyrer ikkje heime i daglegvare, men i

produksjonen slik dei måtte ha gjort for å kunna levera til kjedene. -Då ville me mista den kontakten med dyra som er viktig for oss, sa Barbro. -Eg har ei

delikatessemarknaden, sa Barbro til forsamlinga i Bø. -Det er brunosten for helg og fest, det er ikkje ein kvardagsost, med den prisen.

Attåt garden heime driv Stordalen også setra Bergstaulen mellom Møsvatn og Rjukan.

Og dei får selt ut heile årsproduksjonen sin, som er av type heilfeit brunost, ein spesialitet frå Tinn. Attåt lagar dei også upasteurisert geiterømme og ein type gomme. På denne måten har dei klart å henta ut ein meirpris på mjølkeliteren, fortalde Barbro. På Stordalen brukar dei 14 liter mjølk på éin kilo brunost, samanlikna med Tine som brukar 10 liter. Stordalen lagar 30 kilo brunost i kvar omgang.

Barbro Stordalen og mannen Ronny står elles i ferde med å gje garden vidare til neste generasjon. Då ser Barbro for seg å få betre tid til politikk og organisasjonsliv, men også andre interesser som tradisjonsbakst og handverk som skinnsaum og rosesaum.



Synneve Øien Frøyen,
Margaretha Krug Aase
og Lea Hoch var budeier
på Gardsetra i 2021.

Gardsetra i Synnfjellet

I Synnfjellet, på nordsida av fjelltoppen Spåtind (1414 moh.) i Nordre Land kommune, ligger Gardsetra. Fra setra har man utsikt over den tilgrensende Langsua Nasjonalpark og det milde fjellandskapet som området kjennetegnes av. Gardsetra ligger i Skardberga naturreservat, som er vernet på grunn av sin gamle og svært artsrike bjørkeskog.

Setrene i Nordre Land var viktige både for lokale gårder og for bøndene på Toten, Hadeland og på Hedmarken. Spesielt i Synnfjellet har setring vært av stor betydning i flere hundre år. Av de 183 setrene som er registrert i Nordre Land, ligger nesten en fjerdedel i Synnadalen og Synnfjellet. Dette er den største

tettheten av setrer i kommunen. Til tross for svært gode beiter i området, er det bare en håndfull setrer igjen i kommunen hvor det fortsatt er drift i dag.

Gardsetra er vakkert plassert i ei frodig li, 905 moh., med solide seterhus i det hellende terrenget og gode beitearealer nedafor setra hvor en passe skranglete seterveg fører fram til ei stor grind. Sentralt er det også, med omtrent en drøy times kjøring fra både Fagernes, Lillehammer og Dokka.

Hit kom vi en solfylt søndags ettermiddag i juli etter å ha vært på fjelltur på Spåtindtoppen før på dagen. Bak den store grinda ventet det tre blide budeier på det romslige setertunet. Vi skjønner ganske raskt at det er tre svært kunnskapsrike og entusiastiske kvinner som er vertskap på Gardsetra og heldigvis har de litt tid til å slå av en prat med oss, mens vi spiser fantastiske setervafler med byggmjøl, seterrømme og



granskudd-sirup.

Vi blir fortalt at Gardsetra i dag blir drevet som en del av formidlinga ved Kompetansesenteret *Dokkadeltaet nasjonale våtmarkssenter*. Historien til Gardsetra går imidlertid tilbake til midten av 1700-tallet da den ble ryddet og drevet som ku-seter fram til starten av 1900-tallet. Deretter fulgte mange år som geiteseter fram til 1995. Seinere ble arealene liggende brakk og bygningene forfalt. I 2019 ble leieavtale med grunneiere på Gardsetra utarbeidet og signert, og på sommeren begynte arbeidet med å restaurere fjøset og utbedre den 2,5 km lange grusvegen fra Lenningvegen til Gardsetra. Størhuset og uthusene hadde da stått tilnærmet ubrukt i mange år, og setervollen var gjengrodd med småbjørk og vier.

Hvordan fikk man så ideen til å starte med setring?

Vi lar Lea Hoch, sjefsbudeie på Gardsetra og til daglig rådgiver i Dokkadeltaet nasjonale våtmarkssenter, heretter forkortet DNV, fortelle:

Ideen om at vi skulle starte opp med setring kom tørkesommeren 2018. Det året fikk DNV mange forespørsler fra lokale bønder om bruk og innhøsting av alternative førkilder som slått av utmarksområder, styving av trær og bruk av lauv til fôr. Det viste oss hvor mye kunnskap om



Det er handmjølkning på Gardsetra.



Seterfestival på Gardsetra i 2021.

Lea Hoch i ysteriet på Gardsetra.



tradisjonelt landbruk som hadde gått tapt de siste årene og hvor viktig denne kunnskapen er. Vi så behovet for et kunnskapssenter med tradisjonelt landbruk og bruk av utmarksressurser i fokus. Siden setring har vært en svært viktig del av landbruket i Nordre Land tidligere, tenkte vi at å drive med aktiv seterdrift kunne være et bidrag til å ta vare på og videreformidle kunnskapen om denne typen utmarksbruk. Ved å gjenoppta beiting, slått og tradisjonell drift på Gardsetra ønsker DNV å videreføre og formidle tradisjonene rundt setring, samt bidra til å gjenskape og ivareta naturmangfoldet knyttet til kulturlandskapet.

I 2020 hadde vi vår første sesong med dyr, ysting og åpen seter. I år åpnet vi også vår seterkafe med servering av vafler, rømmegrøt og spekemat og salg av produkter laget på setra: pultost, smør, rømme, surmelk, skjørøst og kremost.

Hvor mange er engasjert i arbeidet?

I 2021 var vi tre budeier på setra gjennom sesongen i perioden fra uke 26 til og med uke 31. I tillegg til budeiene har naturveilederen vår stått for aktivitetsdager på setra hver lørdag og arrangering av seterfestivalen. De dagene vi har hatt det veldig travelt har også andre ansatte fra DNV bidratt med blant annet betjening av seterkafeen.

Hvordan markedsføres tilbudet?

Vi markedsfører setra på sosiale medier, VisitInnlandet, Oppland Arbeiderblad og plakater som vi henger opp i nærområdet. I år fikk vi et innslag på NRK Innlandet fra seterfestivalen. Markedsføring synes

Sendar:

Norsk seterkultur
Skrautvålvegen 77
2900 Fagernes



vi er et av de mest utfordrende aspekter med seterdriften. Det er vanskelig å nå ut til folk og det er fortsatt mange også i nærmiljøet som ikke har hørt om aktivitetene på Gardsetra. Vi håper at mer samarbeid med flere lokale virksomheter vil bedre markedsføringen.

Hvilke reaksjoner og tilbakemeldinger har dere fått fra lokalmiljøet?

Vi har opplevd at lokalbefolkningen er svært positiv til seterdrift på Gardsetra. Mange har gode minner fra barndommen om setring i Synnfjellet, og synes det er veldig trist å se at mange setre står tomme og at utmarksbeitet gror igjen. Det å ha en åpen seterkafe noen

timer på dagen hjelper veldig med å gjøre tilbudet interessant for flere interessegrupper.

Hvordan ordner dere det praktiske med innleie av kyr?

Vi leier melkekuer og kviger av en lokal bonde fra Dokka. Vi tar på oss ansvar for stell av dyrene og alle utgifter med det. Bonden får en sum for at vi kan ha kuene på setra. Kuene er vant til maskinmelking, så det er en overgang for dem å plutselig bli håndmelka på Gardsetra. Men kuene er veldig snille og tålmodige, og det har så langt fungert veldig bra. På Gardsetra får kuene også minimalt med kraftfor. Setervollen er veldig frodig og kuene går verken ned i melkeproduksjon eller vekt den

tiden de er på setra. I 2021 foredlet vi omtrent 35 l melk om dagen.

Hvordan har besøket vært?

Vi har hatt mange besøkende på setra i 2021. Særlig seterfestivalen var godt besøkt med omtrent 400 gjester i løpet av en helg. Vi anslår at vi har hatt noe mellom 3 000 og 3 500 besøkende på setra i sommer. Nå håper vi at ryktene sprer seg og at enda flere besøker oss neste år. De fleste som besøker oss, bor i nærmiljøet eller har hytte i området.

Vi ønsker Dokkadeltaet nasjonale våtmarkssenter lykke til videre med seterdrifta på Gardsetra!

Tekst og foto: Knut Ola Storbråten

Medlemspengar for 2022

Med dette bladet skal det liggja ein giro som du kan bruka til å betala medlemspengane til Norsk seterkultur. Satsane er som i fjor:

Støttemedlem /abonnent:	400 kr
Aktiv seterbrukar	750 kr
Organisasjon/institusjon	1 500 kr

Betal helst med den giroen som ligg ved bladet. Er giroen komen vekk, kan du betala til bankkontonummer 2367 20 51169 eller på vipps nr 508867. Merk

i så fall betalinga tydeleg med namn og medlemsnummer. **Det er ei god hjelp om du betaler medlemspengane innan fristen!**

Er du plassert i feil abonnentgruppe, til dømes for at du har slutta med aktiv setring, kan du endra medlemspengane til rett sats.

Endring av adresse m.m. kan du melda til kasserar Svein Løken, epost: sv.loken@gmail.com, telefon eller sms nr 900 42 883.

Nokre medlemer har fått faktura på epost eller EHF. Desse får då ikkje vedlagt faktura ved bladet. Vil du ha faktura på epost eller EHF for framtida, send melding til sv.loken@gmail.com og meld inn epost for faktura eller org. nr. for EHF.

Nokre få har alt betalt medlemspengar for 2022 og desse har fått rekning med kvittering for betaling på epost, og får ikkje ny rekning med bladet.

Innsatsen for seterdrifta
treng fleire støttespelarar.

Bli medlem

i Norsk seterkultur!
www.seterkultur.no



Mange av
produkta våre
har rot i støls-
kulturen og
vi støttar

Norsk seterkultur i arbeidet
for denne driftsforma.

